

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 61/2004

Møtedato: 8.12.04

Arkiv nr:

Grunneigarfondet – søknad om tilskot til sykkelplan

Gomobu, Nøsen fjellstue og Syndingstøga ynskjer å samarbeide med fjellstyret om ein sykkelplan for vestfjellet. Målsettinga med planen er å utvikle dette området til eit av norges beste sykkelområde. Planen går ut på å registrere sykkelruter, registrere skilting, planlegge tilretteleggingstiltak, lage verktøy for informasjon, utarbeide strategi for marknadsføring og utarbeide metodar for finansierings av gjennomføring av planen.

I tillegg til å vere viktig for dei tre søkjarane vil arbeidet med tilrettelegging være til stor nytte for andre gjukkelturistar i området. Dette gjelder både for lokale, hyttefolk og andre tilreisande.

Søknaden krev ein eigedel og denne vil bli ein plass mellom 5.000 og 10.000 kr for kvar av søkjarane.

Vedtak:

Fjellstyret ser dette som eit viktig prosjekt både for dei aktuelle overnattingsbedriftene og friluftslivet generelt og går inn som samarbeidspartnar i tiltaket. Fjellstyret tilrår at grunneigarfondet støttar tiltaket med tilskot.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 9.12.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog